

## Høyringsuttale gjeldande skulestrukturen i Innlandet

Kjære politikarar.

Sats vidare på vidaregåande skule i Lom! Ikkje ta frå oss ei av livsnervane vi har i utkanten av Innlandet. Spesielt ikkje når vi har både ungdom nok - faktisk ligg fødselstala og elevgrunnlaget i bygdene Skjåk, Lom og Vågå stabilt så lengje statistikken går, og kan vise til kvalitet og gjennomføring i særklasse. Vi treng vidaregåande skule i Lom av så mange ulike årsaker, og skulen har livets rett av minst like mange grunnar:

- Barne- og elevtalet i Lom, Skjåk og Vågå er stabile, det ser vi også på medlemsmassen og aktiviteten i idrettslaga. Det er stor aktivitet og med det mykje god folkehelse og inkludering.
- Gruppa 15 – 19 år er viktige og umisselege, også for aktiviteten i idrettslaga. Dei er utøvarar, trenarar og gode rollemodellar for dei yngre. Blir desse ungdommane tvungne til å flytte på hybel eller pendle fleire timar kvar dag vil dei ikkje ha moglegheit til å vere aktive i idrettslaga.
- Idrettslaga samarbeider godt med den vidaregåande skulen i Lom og elevane her, og vi nyt godt av å ha kvarandre.
- Dei nye høgstandardanlegga og tilboda både Lom idrettslag og Skjåk idrettslag har gjev moglegheiter for brei aktivitet for elevane på vidaregåande. Dette gjeld også for anlegga og tilboda i Vågå. I tillegg til dette er eit nytt skianlegg under oppføring i Lom.
- Blir den vidaregåande skulen lagt ned vil det med stort sannsyn føre til at fleire flyttar frå, og at færre kjem attende etter fullført skulegang. Dette vil føre til at det blir færre både ungdommar og vaksne som kan stille opp som friviljuge bidragsytarar for å drifte idrettslaga og oppretthalde eit avgjerande aktivitetstilbod for barn og unge.
- Idrettslaga i Skjåk og Lom ser moglegheitene, engasjementet og dei faktiske forholda kring flatedekning og den stabile elevtalsutviklinga i Lom, Skjåk og Vågå. Vi treng ein vidaregåande skule som dekkjer området og behova her, og vi har elevar nok til å fylle skulen.

På bakgrunn av argumenta nemnt over og argumenta i Lom kommune si grundige høyringsuttale, stiller Lom idrettslag og Skjåk idrettslag seg bak Lom kommune si høyringsuttale.

Lom, 29.08.24

For styra i Skjåk idrettslag og Lom idrettslag,

Elin Stasviken Sperstad  
Dagleig leiar Skjåk IL

Andrè Sørhage  
Styreleiar Lom IL